



3 JUN 2014

Hordaland Fylkeskommune  
Opplæringsavdelinga v/Marianne Haaland  
Boks 7900  
  
5020 Bergen

Vår ref.: 98/120/TB

Dykkar ref.:

Stord, 30.05.2014

## **Auka gjennomføring i vidaregående opplæring. Søknad om midlar til lokale tiltak 2014 - 15.**

Me viser til utlyste milder i brev frå Opplæringsavdelinga, datert 29.4.2014. Målet med tiltaka som det blir søkt om er å auka gjennomføring med bestått karakter, mindre fråvær og fråfall og å gi betre språkopplæring til elevar med minoritetsbakgrunn.

### **Bakgrunnsopplysningar om Stord vidaregåande skule**

- Skulen har inneverande skuleår 830 elevar
- Elevar med låge inntakspoeng er 9,9 % (lågare enn karakteren 3 gjennomsnitt)
- Det er mange elevar som ikkje kom inn på sitt første val. Her har me ikkje eksakt tal
- 10 elevar har gjort omval i løpet av skuleåret
- Det er 10 minoritetsspråklege elevar i innføringsklasse
- Skulen har 2,8% sluttarar inneverande skuleår

Stord vidaregåande skule har ei utfordring ved at skulen er lokalisert på tre stader, og det tilbodet som blir gitt om timer i studiesenteret til no har i liten grad blitt nytta av elevar på studiespesialisering, idrett og musikk fordi det er lang avstand.

Det er ei utfording at mange av elevane med låge inntakspoeng/omval kjem inn på nokre av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Enkelte programområde har ein stor del elevar med mange og samansette vanskar og dermed auka behov for fleksible opplæringstilbod.

### **Erfaringar frå inneverande skuleår**

Skulen er godt i gong med studiesenteret, og har fått gode tilbakemeldingar frå elevar, foreldre og lærar inneverande skuleår. Det har vore nytta lærarar med Ny GIV-utdanning og ein har gitt støtteundervisning og spesialundervisning til mange elevar mest i små grupper. Dette har fungert svært godt.



### Bakgrunn for lokale tiltak 2014 – 2015

Kommande skuleår får me ein stor del søkerar med språkvanskars, stort fråvær/manglande karakterar får ungdomsskulen, og med angstproblematikk. Det kjem ein del elevar med svake norskkunnskapar inn i ordinære klassar. Dette er sårbare elevar og tanken vår er å gi dei ekstra oppfølging og tilrettelagt opplæring heilt frå starten av skuleåret for å unngå at mange fell ut tidleg.

### Skulen sine planar for bruken av studiesenteret

Planen er å byggja opp, utvida og styrkja tilbodet ved å leggja inn fleire timer til organisering, oppfølging og til lærartimar. Det skal kjøpast inn meir undervisningsmateriell og lærebøker for tilrettelagt opplæring, og for elevar med minoritetsbakgrunn.

Me ønskjer å starta med samtalar og ulike kartleggingsprøvar ved skulestart, m.a. av elevar som har hatt spesialundervisning i norsk, engelsk og matematikk, og av minoritetsspråklege i ordinære klassar.

I innføringsklassen for minoritetsspråklege er det stort sprik særleg i nivå på språkkunnskapar og på motivasjon. Ein del har tidlegare hatt svært lite eller ikkje engelsk. Dette er tenkt avhjelpt ved at denne klassen får klasserom nær studiesenteret og at dei får tilbod om opplæring og sjølvstudium til dømes ved bruk av undervisningsprogram på nett, med rettleiing. Både minoritetsspråklege i ordinære klassar og i innføringsklassen vil slik kunna få betre tilpassa opplæring.

Både i starten og seinare i skuleåret skal det vera lite byråkratisk å få tiltak i studiesenteret. Samstundes skal elevane raskt få høve til samtale med aktuell faglærar, og rådgjevar, slik at ein er sikker på at det tilbodet som dei får er det rette. Frammøte og resultat skal følgjast opp.

### Nokre av dei planlagde tiltaka:

- Gi grunnleggjande opplæring i norsk for elevar med minoritetsbakgrunn spesielt på A1 nivå i kartleggingstestar
- Gi tilbod til Ny GIV-elevar og andre med svake eller manglande karakterar frå ungdomsskulen, i norsk, engelsk og matematikk
- Gi tilbod om ein skjerma og roleg opplæringsstad for elevar med konsentrasjonsvanskars

Gjennom tilbodet om differensiert språkopplæring i studiesenteret, planlegg skulen å kunna ta imot elevar som er tekne inn i ordinære klassar, men som slit med å klara seg i faga

- Å ta inn elevar med minoritetsbakgrunn også utover i skuleåret, og gi dei tilbod om kartlegging og språkopplæring i studiesenteret
- Seinare i skuleåret vil me få til betre oppfølging av elevar som ser ut til å få karakteren 1 eller IV slik at desse blir fanga opp tidleg



## STORD VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

For å kunna få til tidleg innsats, kartlegging, oppfølging og opplæring som skissert ovanfor, må skulen kunna planleggja med at aktuelle lærarar har ein «pott med timer» som ikkje er timeplanfesta, men som blir brukte etter behov over tid. Det vil vera trøng for større ressurs til leiar for studiesenteret og ein god del fleire lærartimar til tilrettelagt opplæring, språkopplæring og spesialundervisning i høve til det som blir brukt no. Me meiner at dette er ei nødvendig utviding av tilbodet ved studiesenteret, som starta opp med inneverande skuleår.


I planlegginga av skuleåret er det utfordrande å leggja inn lærartimar som ikkje er timeplanfesta, og i praksis blir det lett til at vikarbehov som oppstår må prioriterast og trøng for lærarar til dei svakaste gruppene blir prioritert ned. Dermed kan det ta tid for tiltaka kjem i gong. Med ekstra midlar, kan me unngå dette.


**Skulen søker om Kr 520 000,-**

I tillegg vil me bruka kr 260 000,- som er skulen sin eigendel.

Med helsing

STORD VIDAREGÅANDE SKULE

  
Astrid O. Haugland  
-rektor-

  
Turid Bjordal  
-elevinspektør-